



## Referat etter møte i FAU ved Nordbygdo ungdomsskule.

Tid for møtet: onsdag 21.10.2020, kl.18.00 – 19.00

Stad: Nordbygdo ungdomsskule, gul base.,

Til stades: Camilla Frugård Lunde, Maria Rydningen SørDAL, Kari Braaten, Solveig Grønsdal, Steinar Hårde, Einar Jacobsen, Brita Høyland, Øystein Nielsen møtte for Kjell Inge Engevik. Meldt forfall: Randi Beate Hovland, Ingeborg Hageberg.

Fråverande:

### 1. Konstituert nytt FAU

**Leiar: Steinar Hårde**

**Nestleiar: Kari Braathen**

**KFU: Solveig Grønsdal**

### 2. Sosial årsplan på trinna.

Pål informerte om aktivitetar i den sosiale årsplanen for trinna og målsettinga med planen. Utfordringar i samband med koronaepidemien gjer det utfordrande å skipa til samkomer som er skildra i planen. Det kom innspel frå FAU om å sjå på andre aktivitetar som t.d. «Løp for livet», der ein kan samla inn pengar gjennom idrettsaktivitetar og liknande. Det er også eit sterkt ynskje om å få til vinter-show på 10.trinn i januar. Skulen vil gjera sitt beste for å få dette til innafør gjeldande smittevernreglar.

### 3. Nordbygdo ungdomsskule i koronaens tid.

Om organisering og smittevern.

Pål gjekk gjennom skulen sin plan for å handtera smitteførebyggande tiltak på gult nivå. I og med organiseringa av elevane i basar ved Nordbygdo ungdomsskule, er det avstand på 1 meter mellom elevane som er det viktigaste tiltaket. I tillegg kjem effektiv handhygiene og desinfeksjon av pultar og andre kontaktflater. I samband med koronaepidemien er det vedtak om at fråvere blant elevane som er knytt til luftvegsplager, ikkje skal reknast i det fråveret som vert ført på vitnemålet.

### 4. Info om ny organisering av opplæringa på Nordbygdo.

I samband med Fagfornyinga - og eit ynskje om å bruka skulebygget optimalt, har me byrja ein prosess der me organiserer opplæringa annleis.

Ein er i ferd med å gå frå organisering av elevane i klassar på opp til 30 elevar – til kontakgrupper med 13-15 elevar i kvar gruppe. Målet er at alle lærarane som jobbar på eit trinn skal få betre kjennskap til alle elevane og at alle elevane skal kunne finne ein fortruleg vaksen. Vidare er det ei målsetjing å gje elevane god samhandling og samarbeidskompetanse. Skuleåret er delt i tverrfaglege periodar, der ulike fag går inn i det tverrfaglege i kvar periode. I tillegg til fagspesifikt fokus skal elevane læra å jobba med problemløysing og ei meir «oppdragsorientert» opplæring. Dette er også i tråd med forventningane i fagfornyinga. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagfornyelsen/nye-lareplaner-i-skolen/>

Det kom fram i møtet at fleire foreldre til elevar som no jobbar etter den nye organiseringa er noko skeptiske til sjølve organiseringa og også at dei opplev eit lågare læringstrykk. Dette tek skulen på alvor, og ynskjer å få til dialog med føresette på 8. og 9.trinn då desse er involvert i ny organisering førebels. Eit tiltak kan vera foreldremøte. Skulen vil i samarbeid med FAU-representantane på trinna koma attende til vidare tiltak.

#### **5. Skuleruta 2020-2021**

Punktet vart ikkje kommentert. Skuleruta er å finna på skulen si heimeside.

#### **6. Docendo.**

Nytt timeplanverktøy. Korleis er erfaringane hos føresette?

Verktøyet vart kort skildra. Målet med docendo er betre kommunikasjon med elevar og føresette ang skulearbeid, timeplan og vekeoversikt – og med det skapa ein meir forutseieleg skulesituasjon for alle.

#### **7. Bruk av mobiltelefon, sosiale media og tilhøyrande problemstillingar**

I samband med utarbeiding av eit felles kommunalt ordensreglement og skulane sine egne tilpassingar, vart det drøfta om ein skulle gjera endringar i gjeldande regelverk for bruk og oppbevaring av mobiltelefon for elevane. I fl geitbrundskriv frå Udir, er det reist spørsmål om skulen kan holda inndregne mobiltelefonar att, etter skuledagen er slutt. FAU ynskjer ei restriktiv haldning til bruk av mobiltelefon blant elevane. Ei eventuell endring av gjeldande reglar vil ikkje tre i kraft før saka har vore handsama i FAU og SU.

#### **8. Anna. Meld gjerne saker.**

Vedlegg:

Adresseliste FAU og Sosialt FAU

Ref

Pål Roseth

-rektor-